



Arkivnr: 2014/860-1

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	37/13	18.12.13
Fylkestinget		

## Forvaltningsrevisjon av økonomistyring i Hordaland fylkeskommune - Revisjonsrapport

Bakgrunn for saka:

**Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 3/13 i møte 11.02.13:**

- 1 *Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan økonomistyring i Hordaland fylkeskommune, frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.*
- 2 *Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i prosjektplanen, inkludert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i fylkestinget.*
- 3 *Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 29.10.13, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.*

**Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet og problemstillingane med denne revisjonen er:**

*Føremålet med prosjektet vil vere å kartlegge og vurdere om fylkeskommunen har budsjetterings- og registrerings-, og rapporteringsrutinar som sikrar god økonomistyring.*

**Med bakgrunn i føremålet er følgjande problemstillingar undersøkte:**

- *Har fylkeskommunen ei føremålstenleg organisering av budsjett- og økonomistyringsfunksjonane?*
  - *Har einingane tilstrekkeleg bemanning og økonomistyringskompetanse?*
- *I kva grad har Hordaland fylkeskommune ein føremålstenleg budsjettprosess?*
  - *Bidrar prosessen til at fylkeskommunen får eit realistisk budsjett for einingane sine driftskostnader?*
  - *Blir alle relevante informasjonskjelder nytta i budsjettarbeidet?*
  - *Blir det sett opp realistiske føresetnader for budsjettet?*
  - *Blir det gjennomført risikovurderingar i budsjettprosessen?*

- *I kva grad er det etablert føremålstenlege rutinar for økonomistyring knytt til:*
  - *Budsjettoppfølging*
  - *Avviksanalyser og avvikshandsaming*
  - *Prognosar*
  - *Rapportering og oppfølging*
  
- *I kva grad vert det sett i verk korrigerande tiltak ved avvik?*

#### Drøfting:

Deloitte har no gjort ferdig forvaltningsrevisjon av "Økonomistyring i Hordaland fylkeskommune", revisjonsrapport er levert og ligg ved. Fylkesrådmannen har hatt rapporten til uttale og uttalen er lagt ved rapporten som vedlegg 1.

Deloitte har nytta dokumentanalyse, intervju og verifisering og høyring som metodar i denne forvaltningsrevisjonen.

Etter sekretariatet si vurdering har Deloitte levert ein god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet sine bestillingar.

I samandraget har sekretariatet m.a. merka seg denne konklusjonen:

*"Økonomiområdet er etter vår vurdering organisert på ein tenleg måte, og fylkeskommunen har i hovudsak tilstrekkelege ressursar, med nødvendig kompetanse, til å gjennomføra både overordna og delegerede økonomioppgåver på alle nivå i organisasjonen. I nokre einingar blir gitt uttrykk for at det er knappe ressursar og eit ønskje om meir økonomikompetanse. Det er viktig at fylkeskommunen er merksam på den risikoen dette kan representera i økonomistyringa."*

#### **I pt. 6, Forslag til tiltak i rapporten, har Deloitte desse 6 forslaga til tiltak:**

*"Hordaland fylkeskommune bør vurdere følgjande tiltak:*

1. *Fastsetja krav til dokumentasjon av rutinar på økonomiområdet i avdelingar og underliggjande einingar.*
2. *Samla all dokumentasjon på økonomiområdet i Kvalitetssystemet*
3. *Utarbeida nærare/konkrete retningsliner for bruk av risikovurderingar på økonomiområdet*
4. *Utarbeida mal/rapportformat på tertialrapportane, herunder:*
  - a. *konkretisera korleis samanhengar mellom «produksjonen»/drifta og den økonomiske situasjonen skal omtalast.*
  - b. *Krav til utforming av tiltak, oppfølging og måling av effektar*
5. *Skriftleggjera/dokumentera dei prinsipp som i dag blir lagt til grunn ved vurdering av om det skal gjennomførast budsjettregulering. I denne samanheng bør det også vurderast om det vil vera tenleg å etablera og dokumentera prinsipp for gjennomføring av administrative lokale budsjettendringar.*
6. *Kartlegga behov og gjennomføra tiltak for å auka økonomikompetansen hos leiarar og økonomiarbeidarar i fylkeskommunen."*

#### Konklusjon.

Rapporten munnar ut i forslag om tiltak for å betre rutinane. Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslaga i rapporten.

Sekretariatet meiner vidare at kontrollutvalet bør tilrå at fylkestinget ber fylkesrådmannen om å laga ein handlingsplan som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

**FORSLAG TIL INNSTILLING:**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Økonomistyring i Hordaland fylkeskommune", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Fastsetja krav til dokumentasjon av rutinar på økonomiområdet i avdelingar og underliggjande einingar.
2. Samla all dokumentasjon på økonomiområdet i Kvalitetssystemet
3. Utarbeida nærare/konkrete retningsliner for bruk av risikovurderingar på økonomiområdet
4. Utarbeida mal/rapportformat på tertialrapportane, herunder:
  - a. konkretisera korleis samanhengar mellom «produksjonen»/drifta og den økonomiske situasjonen skal omtalast.
  - b. Krav til utforming av tiltak, oppfølging og måling av effektar
5. Skrifteleggjere/dokumentera dei prinsipp som i dag blir lagt til grunn ved vurdering av om det skal gjennomførast budsjettregulering. I denne samanheng bør det også vurderast om det vil vera tenleg å etablera og dokumentera prinsipp for gjennomføring av administrative lokale budsjettendringar.
6. Kartlegga behov og gjennomføra tiltak for å auka økonomikompentansen hos leiarar og økonomiarbeidarar i fylkeskommunen."
7. Laga ein handlingsplan innan 1.6.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrågjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*